

Budsjett 2010 / Økonomiplan 2010-2013 - Strategi plan og næring

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

Dei skisserte strategiane vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2010 - økonomiplan 2010-2013.

Prenta vedlegg:

Årshjul for budsjettprosessen 2010

Uprenta vedlegg:

Budsjett 2010/Økonomiplan 2010/2013 – Arbeidsdokument 1/09 og 2/09

Fylkesplanen med handlingsdelar

Rapport til Fylkestinget i juni med orientering om tiltak og status for framlegga frå "Tenketanken"

St. meld. nr. 25. Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken
FT sak 20/09 – Forvaltningsreforma – handlingsrom, ambisjonar og ressursbehov

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Dei siste åra har finansutvalet utfordra hovudutvalet til å gjere prioriteringar innanfor eige ansvarsområde. Hovudutvalet er utfordra til å ta strategidiskusjonar på våren, og prioriterings- og salderingsdiskusjonar i august/september. Vi vil i denne saka ta opp ein del problemstillingar og prioriterte strategiar som hovudutvalet skal ta stilling til. Vi viser elles til vurderingar av dei økonomiske rammene for fylkeskommunen, og fylkesrådmannen sine vurderingar av konsekvensane av forvaltningsreforma.

2. BAKGRUNN

I samband med finansutvalet si handsaming av arbeidsdokument 1/09 på møte 24.03.2009, vart det vedteke ei bestilling til hovudutvala for arbeidet med Budsjett 2010/Økonomiplan 2010-2013. Finansutvalet legg til grunn ansvarsdelinga i den politiske styringsmodellen. Hovudutvalet som "sektorspesialistar" vert ansvarleggjort for prioriteringar på sektornivå. Medan finansutvalet tek ansvar for dei overordna prioriteringane og sluttsalderinga av budsjett/økonomiplan.

Finansutvalet har utfora hovudutvala til å ta strategidiskusjonar i april/mai, og prioriterings- og salderingsdiskusjonar i august/september. Finansutvalet har gjeve føringar om at fylkesrådmannen legg til rette for:

2.1 Strategidiskusjonar

Strategidiskusjonar i april/mai som gjev svar på følgjande:

1. Korleis sektoren gjennom budsjettet/økonomiplanen vil gjennomføre strategiane og måla i fylkesplanen sin handlingsplan, herunder synleggjere samanhengen mellom tilpassingar på drifts- og utviklingsdelen.
2.
 - a) Vurdere måloppnåing og resultat i 2008 med grunnlag i årsmeldinga – spesielt rapportering i høve målekartet.
 - b) Vurdere om det skal gjerast justeringar i det sektorvise målekartet med grunnlag i årsmeldinga, planar og økonomiske rammes:
 - justere kritiske suksessfaktorar mellom anna mot strategiar i sektorplanar
 - måleindikatorar - måler vi dei rette aktivitetane?
 - skal ambisjonsnivået justerast for dei einskilde indikatorane?
3.
 - a) Prioritere strategiar avstemt mot andre overordna planar (både nasjonale, regionale og lokale).
 - b) Vurdere korleis kan sektoren aktivt bidra til å gjennomføre tiltaka i "Tenketanken".
4. Gjere ei første vurdering av "stramheita" i sektoren si økonomiske ramme

2.2 Prioriterings- og salderingsdiskusjonar

Prioriterings- og salderingsdiskusjonane i august/september som gjev svar på følgjande:

1. Vise korleis sektoren bør tilpasse seg tildelt ramme og eventuelt vise korleis ein vil vri aktiviteten innafor sektoren dvs ta ned aktivitet på eitt område for å styrke eit anna.
2. Vurdere og prioritere eventuelle eksterne søknader/innspel opp mot prioriteringane i pkt 3 og 5.
3. Gitt prioriteringane i pkt 3, 5 og 6 – kva område/tiltak bør prioriterast om:
 - a. Sektoren får auka rammer
 - b. Sektoren får reduksjon i rammene
4. Eventuelt innspel til nye investeringsprosjekt/justeringar i investeringsprogrammet. Det er då ein føresetnad at det vert vist korleis tilhøyrande kapitalutgifter skal dekkast inn innafor sektorrammene.

Fylkesdirektørane utformar grunnlagsdokument for diskusjonane.

Hovudutvala sine innspel skal i det vidare budsjettarbeidet danne grunnlag for finansutvalet sine prioriteringsdebattar.

Sidan så store deler av plan og næring sitt budsjett er avhengig av overføringar gjennom statsbudsjettet legg fylkesdirektøren opp til at endeleg salderings- og prioriteringsdiskusjon bli gjort når statsbudsjettet ligg føre, og ikkje i august/september jf. Finansutvalet si bestilling.

3. ØKONOMISK STATUS OG UTFORDRINGAR - FELLESEDEL

Finanskrise og tilbakeslag i verdsøkonomien bidreg til fall i aktiviteten i norsk økonomi. I følgje Statistisk sentralbyrå sine prognosar vil sjølv ikkje dei kraftige finans- og pengepolitiske stimulerings tiltaka som no er sett inn hindre at brutto nasjonalprodukt (fastlandsnorge) fell gjennom 2009. I følgje dei same prognosane vil konjunkturane først svinge oppover att i 2011.

Konjunkturedgangen vil også verke inn på den fylkeskommunale økonomien. Dei største utslaga vil vi få på skatteinntektene, renteutgiftene og – inntektene, samt på konsesjonskraftinntektene.

Rekneskapen for 2008 er gjort opp med eit overskot på 23,8 mill kr. Fylkestinget vil i juni disponere dette rekneskapsoverskotet. Mesteparten av overskotet vert tilrådd brukt til drift i 2009.

Finansutvalet gjekk i sitt møte den 25.mars 2009 igjennom gjeldande økonomiplan og nye føresetnader/saker som vil ha innverknad på arbeidet med budsjett 2010 og økonomiplan 2010-13. Vidare fikk finansutvalet, i eit ekstraordinært møte den 25. mai 2009, ein orientering om økonomisk status og utfordringar etter at kommuneproposisjonen vart framlagt. Finansutvalet skal i møte den 10. juni 2009 handsame arbeidsdokument nr 2/09. I dette dokumentet vert den samla ubalansen i økonomiplanperioden oppsummert slik:

	2010	2011	2012	2013
Utg.pkt: Balansert økonomiplan 2009-12	0,0	0,0	0,0	0,0
Endringar if a.dok 1/09:				
FU-sak 25/09 - samf - disp sentral prispott - lønsvekst	-3,7	-3,7	-3,7	-3,7
Finansiering av samf- disp sentral prispott - lønsvekst	3,7	3,7	3,7	3,7
Pensjonskostnader	-5,0	-5,0	-5,0	-5,0
Vurdering i a.dok 2/09:				
Kommunikasjonskostnader (internettskess)	-0,3	-0,3	-0,3	-0,3
Leigeutgifter Flora	-0,2	-0,2	-0,2	
Amb.fag Høyanger/ vg2 akvakultur Måløy	-0,9			
Nedjustert gjesteelevar - finansiering akvakultur	0,1			
Redusert tilpassa opplæring	2,7	2,7	2,7	2,7
Styrka fagopplæring	-0,8	-0,8	-0,8	-0,8
PC-ordningen - vidareføring av 2009-nivå	-2,1	-2,1	-2,1	-2,1
Tannhelse - generell anestesi	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
Musumstilskot - indeksreg.	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
Skuleskyss Aurland - Sogndal - heilårsverknad	-0,7	-0,7	-0,7	-0,7
Skuleskyss (båt/buss) Atløy - Dale - heilårsverknad	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4
Opsjon Daløy - Haldorneset og Askvollsambandet	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
Utvida ferjetilbod Askvoll - Gjervik	-0,1	-0,1	-0,1	-0,1
Godsframføring Gulen og Solund 01.10.09 - 30.04.12	-1,2	-1,2	-0,4	
Innsparing ny avtale snøggått	9,0	9,0	9,0	9,0
Auke i frie inntekter	16,0	8,0	0,0	-8,0
Reduksjon i kapitalutgifter	10,0	6,0	4,0	0,0
Svikt i lokale inntekter	-18,0	-38,0	-42,0	-57,0
Ubalanse etter a.dok 2/09	6,6	-24,7	-37,9	-64,2

Tabellen inkluderer økonomiske konsekvensar av dei tilrådingar som er lagt inn i arbeidsdokument 2/09 og dei saker som FT skal handsame i junimøtet. Det er føresett at innføring av forvaltningsreforma frå 01.01.2010 skal løysast innafor dei rammer ein får tildelt i samband med oppgaveoverføringa. Oppsettet viser at vi står overfor store økonomiske utfordringar i komande planperiode.

Forvaltningsreforma betyr auka ansvar og mynde for fylkeskommunen på områda kunnskap og opplæring, samferdsle, næring og innovasjon, fiskeri og havbruk, kultur, folkehelse, miljøvern og landbruk/mat. Dette ansvaret vert overført til fylkeskommunen frå 01.01.2010.

I sak til fylkestinget argumenterer fylkesrådmannen for at dei samla nye oppgåvene representerer eit vesentleg auka handlingsrom for det regionalt valde politiske nivået. Dette handlingsrommet inneber sjanse til tettare kopling mellom det nye ansvarsområdet og eksisterande ansvar, sette dei nya områda inn i eit vidare utviklingsperspektiv. Dette - saman med nye og tyngre verkemiddel - vil kunne gjere fylkeskommunen til ein sterkare utviklingsaktør.

Dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt. Dette betyr at fylkeskommunen vil kunna legge til grunn andre prioriteringar og føringar enn dei som gjeld for ansvaret og oppgaveløysinga i dag. Dei nye oppgåvene skal inn i ein politisk samanheng og skape meirverdi. Vi må ikkje berre passivt ta i mot nye oppgåver, men òg skape politikk og prioritere.

Ei stor utfordring vil vere å etablere ein samla politikk for dei ulike område med utgangspunkt i lokale og regionale tilhøve. I dag kan det vere slik at oppgaveløysinga er regulert i høve generelle statlege retningslinjer og manglar regional vinkling.

Fylkesrådmannen legg i saka til fylkestinget til grunn at det er trong for at det vert etablert om lag 15 årsverk innan ei årleg ramme på 10 mill. kr. for å møte hovudutfordringane i reforma på bakgrunn av det vi no har oversikt over. Ressursar ut over dette vil gje ytterlegare handlingsrom og ambisjonsnivå.

Tilhøyrande sektorrammer ser no slik ut:

	2009	2010	2011	2012	2013
Forvaltning:	120,9	118,0	118,3	118,0	118,0
Opplæring:					
Ordinær drift	665,0	648,9	650,0	650,0	650,0
Gratis læremiddel (tilskot)	8,6	8,6	8,6	8,6	8,6
Tannhelse:	61,4	61,4	61,4	61,4	61,4
Plan og næring:					
Ordinære driftsmidlar	17,0	14,0	9,5	9,5	9,5
Renter frå fylkesplanfondet	3,8	1,8			
Større tilskot til eksterne	15,9	6,0	1,0	1,0	
Kultur:					
Ordinære driftsmidlar	45,8	45,8	43,5	43,5	43,5
Større tilskot til eksterne	8,6	2,0			
Samferdsle (lokale ruter):					
Samf- lokale ruter	311,5	282,3	289,0	292,3	292,3
Til disp for hovudutvalet	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0
Fylkesvegar:					
Drift og vedlikehald	115,6	103,8	103,8	103,8	103,8
Driftsmidlar til investering					
Ufordelt løns- og prispott	17,8	36,3	36,3	36,3	36,3
Sum sektorane	1 393,9	1 330,9	1 323,3	1 326,4	1 325,4

4. SEKTOREN PLAN OG NÆRING – GJENNOMFØRING AV STRATEGIANE OG MÅLA I FYLKESPLANEN SIN HANDLINGSDEL

4.1 Kort om fylkesplanen

Fylkesplanen står sentralt i samband med utforming og gjennomføring av det regionale utviklingsarbeidet. Fylkesplanen skal vere utgangspunktet for overordna politikk på dei område planen dekkjer. Den gjev strategiar for korleis den regionale partnerskapen skal delta i utviklinga av fylket - og den skal gje mål og retningslinjer for drifta og investeringane i kommunane/ fylkeskommunen. Den regionale partnerskapen har stått sentralt i arbeidet med å utforme fylkesplanen, både i arbeidet med mål- og strategidelen og gjennom sju fylkesplangrupper som konkretiserte måla og strategiane for sine område.

Rapportane frå desse sju fylkesplangruppene utgjer fylkesplanen sin handlingsdel, jf vedtak i FU-sak 97/05. Vi syner elles til rapportane frå dei sju fylkesplangruppene. Fylkesplanen sin handlingsdel vert rullert som ein del av det årlege arbeidet med budsjett- og økonomiplan, noko som sikrar samsvar mellom planar og økonomiske rammer. Budsjettdokumentet for 2010 skal såleis femne om dei viktigaste oppfølgingstiltaka i samband med fylkesplanen, og gje føringar for arbeidet med oppfølging av fylkesplanen i 2010.

4.2 Forlenging av fylkesplanperioden

Noverande fylkesplan *Fylkesplan 2005-2008, Vegen vidare for Sogn og Fjordane*, med tilhøyrande handlingsplanar og fylkesplanprogram gjaldt opprinneleg ut 2008. Men på grunn av mellom anna forvaltningsreforma, og at det er sett i gang omfattande arbeid med fleire fylkesdelplanar og strategiarbeid (m.a. fylkesdelplanar for småkraft og vindkraft og reiselivsplan for Sogn og Fjordane) vedtok Fylkesutvalet i sak 05/08 å forlenge noverande fylkesplan med tilhøyrande handlingsplan til 31.12.2010.

Når fylkesplanperioden vart forlenga var det naturleg at m.a. framtida til fylkesplanprogramma vart vurdert. Hovudutval for plan og næring hadde dette oppe til diskusjon i Budsjett 2009 og HPN sak 06/09. Hovudutvalet fann det naturleg at dei fleste fylkesplanprogramma heldt fram ut den forlenga planperioden, men ynskte ei større fokus på måloppnåing og evaluering. Hovudutvalet sa også at når reiselivsplanen no er forsinka er det naturleg at program for opplevingsnæringar held fram ut året 2009. Avsluttinga av programmet bør samkøyrast med den nye reiselivsplanen. Ei ny vurdering av framtida til program for opplevingsnæringar bør gjerast når den nye reiselivsplanen ligg føre. Det er viktig at programstyret er tydelege på å legge eit fundament for vidare arbeid, i sektorane eller som del av eit program/satsing under reiselivsplanen.

Det skal i 2010 utformast ein ny regional planstrategi som erstattar dagens fylkesplan. Dette vil krevje ein del ressursar, mellom anna til bakgrunnsanalyser og GIS analyser.

4.3 Kort om oppfølginga av fylkesplanen

Fylkeskommunen har som leiar av den regionale partnerskapen eit totalansvar for oppfølginga av fylkesplanen. Delar av oppfølginga blir gjort av Innovasjon Norge, gjennom ein felles RUP, gjennom samarbeid med regionråda om utarbeiding av regionvise utviklingsplanar, gjennom kommunikasjon med kommunane om bruken av kommunale næringsfond og i samarbeid kring bruken av midlar til kompensasjon av bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift for verksemder i kommunane Florø, Sogndal, og Førde (INU-FSF).

Det som ikkje blir dekkja her, har fylkeskommunen eit eige ansvar for å følgje opp anten som leiar av den regionale partnerskapen eller som utøvar av drifts- og utviklingsoppgåver.

For fylkeskommunen sitt direkte arbeid er det lagt opp til at budsjettprosessen skal styre fordelinga av midlar mellom dei ulike arenaene. Kort kan det nemnast at vi legg til grunn desse rollene i utviklingsarbeidet:

Innovasjon Norge

Fylkeskommunen bestiller tenester og etablerer ein styringsdialog. IN er utøvar av det tyngste verkemiddelet for næringsutvikling, den bedriftsretta satsinga med lån og tilskot. Fylkeskommunen syter for kopling mellom sentrale føringar og lokale mål (m.a. fylkesplanen). Rolledeling i finansieringssaker vert klargjort i årleg tilsegnsbrev.

Felles programarbeid/RUP

Fylkeskommunen er likeverdig partner i eit utviklingsarbeid som kan løysast i eit breitt fylkespartnarskap. Det er etablert fem programstyre, som vi vil omtale nærare.

Regionvise utviklingsprogram

Regionane ved regionråda utarbeider eigne regionvise planar basert på føringane i fylkesplanen, og det blir laga eigne avtalar mellom fylkeskommunen og regionråda. Tida er no mogen for å vurdere utvida samarbeid med regionråda om bruken av desse midlane.

Kommunale næringsfond

Kommunane vert tilført midlar til kommunale næringsfond. Fylkeskommunen skal sikre samhandling mellom kommunane, Innovasjon Norge og fylkeskommunen sjølv – og syte for at fylkesplanen sine strategiar vert teke omsyn til. Midlane kjem over statsbudsjettet, og KRD har lagt oppfølgingsansvar til fylkeskommunane.

INU-FSF

Kompensasjonsmidlane for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift for verksemder i Florø, Sogndal og Førde vert styrt av eit eige styre (INU-FSF), hovudsakleg samansett av folk frå næringslivet og dei aktuelle kommunane. I HPN sak 31/09 vart det teke til orde for ein meir koordinert planprosess mellom fylkeskommunen og INU-styret for verkemiddelbruken for 2010 – 2013. Midlane gjennom INU-ordninga aukar og brukargrupper kan no oppleve uklarheit om rolledeling mellom ulike finansieringsordningar.

Sjølv om fylkeskommunen handsamar årleg handlingsplan for INU-FSF kan de vere ei utfordring å sjå dei regionale utviklingsmidlane samla. KRD legg vekt på tett kopling mellom kompensasjonsmidlane og dei ordinære midlane til regional utvikling, og at fylkeskommunane samkøyrer planprosessane.

Fylkeskommunen sitt eige utviklingsarbeid

For fylkeskommunen sitt eige utviklingsarbeid er det som nemnt lagt opp til at årsbudsjettet er den sentrale arenaen for oppfølging. Som utøvar av drifts- og utviklingsoppgåver skal fylkeskommunen utvikle eigne tiltak i høve fylkesplanen og vurdere desse i høve innspel utanfrå. Budsjettprosessen skal nyttast for å prioritere tiltak og fordele midlar til utviklings- og driftstiltak.

Elles må det nemnast at så og seie alle utviklingstiltaka i regi av plan og næring går til iverksetjing av fylkesplanen, i større eller mindre grad.

4.4 Felles regionalt utviklingsprogram (RUP) - samarbeid og koordinering gjennom dei fem programstyra

Den regionale partnarskapen står sentralt i iverksetjinga av fylkesplanen, ikkje minst for å sikre samordning og koordinering dei ulike aktørane seg imellom. Det vart våren 2006 etablert fem programstyre, som har ansvar for kvar sine tema innan det felles regionale utviklingsprogrammet/RUP (i tråd med vedtak i FU-sak 122/05). Vi nemner her dei fem programma med eigne styre:

- opplevingsnæringar
- havbruk og fiskeri
- entreprenørskap og nyskaping
- folkehelse og livsutfalding
- fornying av offentleg sektor og IKT

I programstyra finn vi mellom anna folk frå næringslivet, Innovasjon Norge, fylkesmannen, regionråda/kommunane, Høgskulen i Sogn og Fjordane, vidaregåande skule, Fiskeridirektoratet og fylkeskommunen (både politisk og administrativt).

Mellom anna på grunnlag av føringane frå fylkesplanen sin handlingsdel utarbeider dei fem programstyra eigne handlingsplanar. Desse vert handsama av hovudutval for plan og næring, og programstyra får då stilt fylkeskommunale midlar til rådvelde. Programstyra er ansvarlege for gjennomføring av handlingsplanane, innanfor dei føringar som er gjevne – og innanfor dei midlar som er stilte til rådvelde. Programstyra er utfordra til å søkje også andre finansieringskjelder enn fylkeskommunen. Vi syner elles til dei fem programstyra sine handlingsplanar for 2009.

Dei ulike programstyra arbeidar på ulike måter for å setje i verk strategiane i fylkesplanen og nå programmet sine mål. Men felles for alle programstyra er at aktiv deltaking frå partnerskapen skal sikre at dei ulike regionale utviklingsaktørane samordnar innsatsen sin for å kunne setje i verk strategiane i fylkesplanen.

Dei fem programstyra vert no inviterte til å kome med innspel til arbeidet med budsjett 2010, og hovudutval for plan og næring sin salderings- og prioriteringsdiskusjon i september/oktober. Innspele skal syne ressursbehov og eventuelt nye særlege utfordringar. Fylkesplanen sin handlingsdel vert så rullert gjennom budsjettarbeidet, og programstyra vedtek så endelege handlingsplanar for 2010 m.a. basert på føringar i Budsjett 2010 / Økonomiplan 2010-2013, som vert vedteke av fylkestinget i desember 2009.

4.5 Kort om oppfølginga av fylkesplanen sin handlingsdel innanfor dei ulike satsingsområda som vedkjem plan og næring

Industri

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge/IN som operatør for dei bedriftsretta virkemidla, og store deler av denne innsatsen rettar seg inn mot oppfølging av handlingsplanen innan området industri.

Fylkesplanen sin handlingsdel dreg m.a. fram følgjande tiltak som bør ha fokus:

- stimulere til leiarutvikling
- stimulere til satsing på design
- stimulere til auka eksport
- utvikle bedriftsnettverk
- ei rekkje FoU-tiltak, m.a. nettverksbygging, informasjon og formidling av relevant kompetanse
- FoU-midlar til utvikling av anortositt og rutilressursar
- kopling mellom mineralressursar og naturgass ved utvikling av prosessindustri
- leggje til rette for eksport av knust stein (pukk) og naturstein

I 2010 bør ein prioritere oppfølging av arbeid som er sett i gang, ikkje minst det langsiktige olje/gassarbeidet (m.a. i regi av Petroleumsrådet). Vidare bør ein gje høg prioritet til fylkesplangruppa for industri/handlingsplanen sine tiltak innan design, leiarutvikling og eksport. Dette var område som fylkeskommunen peika på som sentrale, også i tilsegnsbrevet til IN for 2009. I samband med finanskrisa og forventa internasjonal økonomisk uro i åra framover, vil vi få store utfordringar i å nå fram i ein større marknad. For å lukkast må vi ha produkt som er overbevisande gode globalt. Sterk satsing på industridesign og innovasjonar vert viktige verkemiddel framover.

Fylkeskommunen bør også i det vidare engasjere seg i arbeidet med å legge til rette for Større industrietableringar, t.d. på Lutelandet og i Sløvåg.

Småskala næringar og lokalsamfunn. Bruk og vern

Vi nemner følgjande viktige initiativ, henta frå fylkesplanen sin handlingsdel:

- arbeidet med nisjeproduksjon av mat (matoppleving)
- arbeidsgruppa innan fiskeri og havbruk sitt initiativ innan kystfiske og reiseliv
- arbeidsgruppa innan tenester / nye næringar sitt initiativ om tilrettelegging for kulturentreprenøren / framlegg om ei satsing på "aktivitetsturisme"
- framlegg om regionale natur- og kulturparkar (innspel frå småskala næringar / lokalsamfunn / "bruk og vern")

Sentralt innan dette satsingsområdet står ei balansert utvikling mellom bruk og vern. Vi vil særleg dra fram arbeidet som føregår i Aurland, regionale natur og kulturparkar og Fjellregionsamarbeidet.

Dette er eit område som fylkeskommunen av ressursomsyn på personalsida ikkje har kunne nytta tilstrekkeleg innsats på. Når fylkeskommunane som resultat av forvaltningsreforma no for auka ansvar for mellom annan miljøvern og landbruk er det eit særleg viktig tema å fokusere meir på no. Det vil vere viktig å ta tak i rolledelinga mellom til dømes fylkeskommunen og fylkesmannen og avklare denne for å få ein samla best mogleg innsats innan dette området.

Havbruk og fiske

Fylkesplanen sin handlingsdel omhandlar utviklingstiltak og tilretteleggande arbeid innan havbruks- og fiskerinæringa. Hovudmålsetjinga er å auke verdiskapinga innan dei marine næringane i fylket.

Iverksetting av tiltak i handlingsdelen er retta mot desse 5 hovudsatsingane :

- styrkje lokalsamfunna og dei eksisterande næringane
- forskings- og utviklingsarbeid i Sogn og Fjordane
- planarbeid og arealbruk
- det marine miljøet og marine ressursar i Sogn og Fjordane
- rekruttering til fiske- og havbrukssektoren

Vestlandsrådet sitt program for nye marine oppdrettsartar vert høgt prioritert i det vidare arbeidet. Tilgang til eigna oppdrettsareal er ei av akvakulturnæringa sine største utfordringar, og arbeid kring dette vil også ha merksemd. Også rekrutteringsproblema til marine utdanningsvegar, og gode koplingar til omstillingsarbeidet er viktige arbeidsområde.

Med bakgrunn i at viktige oppgåver innan akvakulturforvaltning er regionaliserte, må kystzoneplanlegging og geografiske informasjonssystem oppprioriterast. For å sikre at dei nye oppgåvene vert løyste med effektive hjelpemiddel, må utviklingsmidlar brukast for å etablere ein høg standard på kystzoneplanar inklusive gode GIS-løysingar. Det hastar å få sendt ut eit signal til kommunane om slik prioritering sidan arbeidet er avhengig av tett samarbeid med og tilsvarande prioritering i kommunane.

Tenesteyting og nye næringar

Fylkesplanen sin handlingsdel gjev m.a. slike føringar i høve bedriftsretta verkemiddel:

- halde oppe nivået på etablerarstøtte
- fellestiltak retta mot etablerarar

- gründer-coach for nyetablerte
- stimulere til kommersiell utnytting av IT-miljøet i Sogn og Fjordane
- stimulere til kulturentreprenørskap

Når det gjeld etablerarstipend må ein rekne med svingingar i etterspørselen, og ha fokus på dei gode prosjekta.

Fylkeskommunen sin nye kulturstrategi for 2008 – 2011 løftar fram kulturnæringane og kulturbasert næringsutvikling som viktige satsingar framover. Ynskja er å auke kunnskap om kultur som næring, etablere 100 nye arbeidsplassar innan kulturnæringane i planperioden, og etablere gode og inkluderande møteplassar for kulturaktivitetar og sosial deltaking som skapar nytt og større grunnlag for kulturnæringane. Regionalavdelinga har engasjert seg i arbeidet gjennom program for opplevingsnæringar og ved å vektlegge næringshagesatsinga. Det bedriftsretta arbeidet bør no prioriterast og ein stor del av oppfølginga er lagt til Innovasjon Norge.

Satsinga bør i sterkare grad fokusere på robustheit, lønsemd og sysselsetting i eigen regi. Utvikling av opplevingsnæringar / kulturnæringar må skje med utgangspunkt i dei forretningsideane som har eit økonomisk potensiale. Dette kan best ivaretaast med utgangspunkt i IN sitt FRAM-program, og ikkje minst oppfølging av og samarbeidstiltak mellom dei som har vist god måloppnåing gjennom dette programmet.

Det blir hevda at fylket underkommuniserer kva som fins av kompetansearbeidsplassar m.a. i produksjonsbedriftene i fylket, og gjer for lite for å få spinnoff frå denne kompetansen. Vidare manglar fylket ofte prosjektkompetanse som kjenner produksjonsbedriftene våre. Fylkeskommunen ber i 2009 Innovasjon Noreg om å prioritere KIFT-næringar og andre kompetansebaserte bedrifter i utviklingsarbeid og med bedriftsretta støtte. Denne satsinga er også viktig i høve til fylkesplanen sin føringar for senterutvikling og tilflytting/tilbakeflytting. Dette er ei føring ein bør ta med vidare, også til 2010.

Folkehelse og livsutfalding

Fylkesplanen sin handlingsdel fokuserer m.a. på varig infrastruktur for folkehelse i partnerskap med kommunane, auka fysisk aktivitet, sunt kosthald, reduksjon i skader/ulukker, betring av psyko-sosialt miljø for barn og unge, reduksjon av bruk av tobakk og rusmidlar, inkluderande og universelt utforma samfunn, og levande lokalsamfunn. Store delar av folkehelsearbeidet i fylket skjer gjennom fylkesplanprogrammet for folkehelse og livsutfalding, der koordinatorrolla er lagt til Regionalavdelinga. I fylkeskommunen er det tett samarbeid på tvers av avdelingane og med vidaregåande skule. Partnerskapet for folkehelse utviklar seg som ønska, og femnar no om 20 kommunar og nokre frivillege organisasjonar.

I sak til fylkestinget om forvaltningsreforma står det at folkehelse vert eit lovpålagt område for fylkeskommunen frå 2010, og dette vil innebere større forventningar om aktivitet og oppgradering av eksisterande aktivitet. Lovforankringa presiserer at fylkeskommunane si viktigaste oppgåve er å understøtte kommunane sitt arbeid gjennom partnerskapsmodellen, og at fylkeskommunen skal fremme helse, trivnad, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebygge sjukdom, skade og liding. Fylkeskommunane får ansvar for å gjennomføre den nasjonale folkehelsepolitikken ute i fylka. Dette fordrar m.a. at fylkeskommunane sin pådrivar- og samordningsfunksjon for det sektorovergripande folkehelsearbeidet bør styrkast.

Ungdom

Fylkesplanen sin handlingsdel summerer opp tiltak innan fire kategoriar; ungdom og

medverknad, kultur og fritid, arbeid og entreprenørskap og utdanning og internasjonisering. Vi vil i denne samanhengen framheve satsinga på entreprenørskap i skulen. Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, stiftinga Ungt entreprenørskap Sogn og Fjordane og fylkeskommunen har ei fellessatsing på entreprenørskap i grunnskule og vidaregåande opplæring. Denne satsinga har fire hovudområde: utvikling av ungdomsbedrifter, utarbeiding av partnerskapsavtalar med lokalt arbeids- og næringsliv, internasjonisering samt kompetanseutvikling innanfor entreprenørskap for tilsette i vidaregåande opplæring. Arbeidet innan entreprenørskap vil framleis ha høg prioritet.

Å legge til rette for at unge menneske vil etablere seg i fylket vil vere svært sentralt framover. Vi viser elles til kapitlet om ungdom, rekruttering og profilering.

5. MÅLOPPNÅING – PLAN OG NÆRING

Måloppnåing og resultat i 2008 med grunnlag i årsmeldinga – spesielt rapportering i høve målekartet

Året 2008 var prega av stor aktivitet på mange område. Gjennom fylkesplanprogramma var mange aktørar engasjert i arbeidet med å setje fylkesplanen ut i livet.

Team for plan og samfunn handsama ei rekkje planar som var til høyring, og arrangerte mellom anna ei større plansamling om ny planlov.

Største enkeltløyvinga frå plan og næring sitt budsjett gjekk til Innovasjon Norge. Sogn og Fjordane har på lik line med resten av landet hatt ein uvanleg god vekstperiode siste åra. Men hausten 2008 kom endringa med finanskrisa og svakare internasjonal konjunkturutvikling.

Høyanger var ein av stadane som fekk merke endringa i konjunkturutviklinga hardast. Problema i Fundo og den påfølgjande konkursen på nyåret 2009 har gitt Høyanger den største omstillingsutfordringa nokon sinne.

Det er lagt eit 12” gassrøyr frå Kollsnes via Fensfjorden til Mongstad. På dette røyrret er det opna for avgreininga til Lutelandet og Sløvåg. Fylkeskommunen har medverka aktivt for å få dette til.

I juli 2008 vart det inngått avtale mellom fylkeskommunen og StatoilHydro knytt til utbygging og drift av olje og gassfelt Gjøa og Vega. Avtalen varer til 2025. Avtalen fører mellom anna til at StatoilHydro utviklar logistikksenter for røyr i Florø. StatoilHydro bidrar til utvikling av kai og veg på Lutelandet og kraftliner fram til området. I samband med dette har dei også inngått avtale med Vestavind Kraft om eigarskap i Lutelandet Energipark. Vi viser elles til årsmeldinga for 2008, for ei omfattande rapportering av aktiviteten i fjoråret.

Vi ser at målekartet nok ikkje er dekkande for heile sektoren, det kunne vore fleire og meir komplekse måleindikatorar. Men området er vidt, og det er vanskeleg å få til eit optimalt målekart som gjev fullgod informasjon.

Økonomistyringa er god, og plan og næring held budsjetta sine. Det har blitt sett i gang eit arbeid med å forbetre informasjonen frå feltet gjennom fylkeskommunen si nettside, og talet på nyhendemeldingar er auka. Arbeidet med dette må framleis styrkjast i 2009.

På nokre område er ambisjonane i måla noko høge i høve dei ressursane som er til disposisjon. Ikkje minst i høve i høve personalressursar, der ambisjonane er høgare enn den faktiske bemanninga.

Fylkesplanen vert rullert i samband med budsjett og økonomiplan, og gjennom programstyra si årlege utarbeiding av programplanar. Fylkesplanen sin handlingsdel vert brukt aktivt ved tilskottstildeling. Gjennom budsjett og økonomiplanarbeidet vert dei høgast prioriterte områda i fylkesplanen følgt opp, andre deler av oppfølginga kan av ressursomsyn ta lenger tid enn planlagt.

I byrjinga av 2009 vart det gjennomført ei medarbeidar- og brukar undersøking. Dei data som vert funne skal bidra til å fortelje kvar vi står i høve dei definerte suksessfaktorane i målekarta.

11 av i alt 26 rådmenn har evaluert fylkesadministrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune. For plan og næring sitt område blei det spurt om kor nøgde kommunane er med samarbeidet med fylkeskommunen i plan og næringsspørsmål. Dei som svarar gjev fylkeskommunen gul skår. Det blei også spurt om fylkeskommunen si evne til å vere ein god samarbeidspart i plan og nærings saker, også her fekk fylkeskommunen gul skår. For alle spørsmåla ligg svara tett opp til grøn skår.

Alle spørsmåla i undersøkinga vart stilte med alternative svar etter ein skala frå 1 til 6. Dei høgast skåra vert vist med grøn farge (4,33-6,0), mellomskåra med gult (2,67-4,32) og dei lågaste skåra med raud farge (0-2,66).

Eventuelle endringar i plan og næring sitt målekart

Det står enno att å etablere gode indikatorar i høve resultatata vi oppnår, men fylkeskommunen har vore sterkt engasjert i eit arbeid Kommunal- og regionaldepartementet har sett i gang innan effektvurdering. I dette arbeidet skulle det mellom anna utviklast eit effektindikatorsystem for midlar over Statsbudsjettet kap. 551.60. Det vil vere naturleg at plan og næring brukar erfaringane frå dette prosjektet til seinare å forbetre plan og næring sitt målekart. KR D har varsla at det nemnde utgreiingsarbeidet vil bli vidareutvikla saman med fylkeskommunane. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør engsjere seg i dette arbeidet. Det vert i denne omgangen difor ikkje gjort framlegg om endringar i målekartet.

6. LOKAL VEKSTKRAFT OG FRAMTIDSTRU. NY DISTRIKTS- OG REGIONALMELDING

Regjeringa la i vår fram ny distrikts- og regionalmelding, *Lokal vekstkraft og framtidstru*. Mykje av prioriteringane her vil påverke plan og næring, både i form av satsingar Kommunal- og regionaldepartementet set i gang og gjennom prioritering av bruken av midlar til fylkeskommunane gjennom kap. 551 post 60.

Regjeringa har som mål at alle skal ha reel fridom til å busette seg der dei vil. Noko som er viktig for å kunne oppretthalde eit spreitt busettingsmønster som tek vare på viktige kulturelle og historiske verdiar som er sentrale for eigenarten til landet.

Nokre av tema som vert teke opp i distrikts- og regionalmeldinga og som får innverknad på plan og næring sitt arbeid:

- Fjellregionsamarbeidet har lukkast med å få utkantsamfunna sine utfordringar godt omtala gjennom 5 sider om politikk for fjellområde. Dette gjennomslaget må følgjast opp.
- Kommunane som førstelineteneste i næringsarbeidet er understreka. Dette heng også saman med løyvingar til kommunale næringsfond.
- Samarbeid mellom kommunar mellom anna om på ein del tenesteområde, næringsutvikling, omdømearbeid og tilflyttingsprosjekt.
- Forvaltningsreforma si vektlegging av fylkeskommunane er understreka. Effektiv fleirnivåstyring vert ei utfordring. Fylkeskommunane må setje av administrativ kapasitet til å utvikle det handlingsrommet som både forvaltningsreforma og distrikts- og regionalmeldinga gir

7. FORVALTNINGSREFORMA

Forvaltningsreforma betyr auka ansvar og mynde for fylkeskommunen på områda kunnskap og opplæring, samferdsle, kultur og på hovudutval for plan og næring sine områder: næring og innovasjon, fiskeri og havbruk, folkehelse, miljøvern og landbruk/mat. Dette ansvaret vert overført til fylkeskommunen frå 01.01.2010.

Forvaltningsreforma vert grundig drøfta i sak til Fylkestinget i juni 2009. Her blir det gått inn i dei ulike tema. Vi gjer difor ikkje ei grundig drøfting av forvaltningsreforma i denne saka, men viser til sak 20/09 til Fylkestinget: *Forvaltningsreforma – handlingsrom, ambisjonar og ressursar*.

Dei nye oppgåvene gjennom forvaltningsreforma representerer eit vesentleg auka handlingsrom for det regionalt valde politiske nivået. Dette handlingsrommet inneber sjanse til tettare kopling mellom det nye ansvarsområdet og eksisterande ansvar, sette dei nye områda inn i eit vidare utviklingsperspektiv. Dette - saman med nye og tyngre verkemiddel - vil kunne gjere fylkeskommunen til ein sterkare utviklingsaktør. Vi må framover ha fokus på, og legge nok ressursar i å skape denne koplinga og nytte det handlingsrommet vi no får på ein best mogleg måte.

Dei nye oppgåvene skal inn i ein politisk samanheng og skape meirverdi. Vi må ikkje berre passivt ta i mot nye oppgåver, men òg skape politikk og prioritere.

Fylkesrådmannen legg i saka til fylkestinget til grunn at det er trong for at det vert etablert om lag 15 årsverk innan ei årleg ramme på 10 mill. kr. for å møte hovudutfordringane i reforma på bakgrunn av det vi no har oversikt over. Ressursar ut over dette vil gje ytterlegare handlingsrom og ambisjonsnivå.

Vi kjem tilbake meir detaljer til forvaltningsreforma og følgjene av denne i prioriteringssaka, men det er viktig at hovudutvalet no tar stilling til korleis vi skal gripe moglegheitene og handlingsrommet vi får.

8. PRIORITERTE STRATEGIAR PLAN OG NÆRING – TIL DRØFTING

8.1 Innleiande

Vi presenterer her ein del problemstillingar og strategiar som hovudutval for plan og næring bør ta stilling til, og gje føringar for i det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

8.2 Oppfølging av fylkesplanen – særleg fokus på fylkesplanprogramma

Iverksetjing av fylkesplanen står sentralt i fylkeskommunen sitt utviklingsarbeid, og her er m.a.

dei fem programma med eigne programstyre sentrale. Det er følgjeleg viktig å sikre ressursar til gjennomføring av dette arbeidet. Utarbeiding av programplanar og budsjett for 2010 er samordna med fylkeskommunen sin budsjettprosess, slik at programstyra får sine budsjett tidleg i 2010. Programstyra vil i første omgang levere bidrag som syner hovudprioriteringane og behovet for midlar i 2010. Dette m.a. som grunnlag for hovudutvalet sine vurderingar i prioriteringssak i september/oktober. Vi viser elles til vurderingar under kap. 4 om oppfølging av fylkesplanen.

Av satsingsområde som fell utanfor dei fem programstyra sitt område vil vi spesielt nemne framlegga frå den tidlegare fylkesplangruppa for industri (jf tidlegare omtale under satsingsområde industri). Det er for 2009 sett av midlar til m.a. satsing innan leiarutvikling, Expo Sogn og Fjordane, mineralressursar og designssatsing. Vi ser føre oss at store deler av denne satsinga vert vidareført. Vi vil særleg framheve satsinga på design som sentral framover.

Deler av utfordringane frå dei tidlegare fylkesplangruppene vert elles iverksette gjennom Innovasjonsforum Sogn og Fjordane. Det nasjonale forskingsrådsprogrammet VRI er starta opp, med fylkeskommunen som sentral koordinator og medfinansior. Elles må det nemnast at så og seie alle utviklingstiltaka i regi av plan og næring inngår i iverksetjing av fylkesplanen, i større eller mindre grad.

8.3 Framlegga frå "Tenketanken" – korleis kan sektoren bidra til gjennomføring?

På initiativ frå fylkesordføraren vart det sommaren 2007 oppnemnd ein eigen "Tenketank" som skulle sjå nærare på dei utfordringar Sogn og Fjordane står overfor. "Tenketanken" fekk i oppdrag

å tenke nytt og gjere framlegg om konkrete tiltak, og identifiserte særleg desse utfordringane:

- ein urovekkande nedgang i folketalet i Sogn og Fjordane
- vanskar med å få ungdom frå eige fylke til å flytte heim etter avslutta utdanning
- vanskar med å få folk frå andre deler av landet til å slå seg ned i fylket etter avslutta utdanning/som yrkesaktive
- eit klart ynskje om å sikre ei levekraftig framtid for Sogn og Fjordane

Tenketanken la fram 11 konkrete strategiar eller idear, mellom anna grundersenter, internasjonal tilflytting, omdømeprosjekt og energifylket.

I juni 2008 handsama Fylkestinget framlegga frå "Tenketanken". Med bakgrunn i dette er det utarbeida ei tiltaksliste med 34 ulike tiltak. Vi viser til tiltaksliste i prenta vedlegg, samt orientering om tiltak og status i rapport til Fylkestinget i juni 2009.

Plan og næring har fått ansvar for oppfølginga av fleire tiltak som er lagt fram av "Tenketanken". Vi tek i det vidare opp innspela frå "Tenketanken" under kvar enkelt strategi der det er relevant. Mange av tiltaka som er lagt til plan og næring sitt ansvar er tiltak som allereie er starta opp som til dømes det virtuelle grundersenteret Driftig.no. Andre tiltak må vurderast nærare, som til dømes ei eventuell omdømesatsing – medan andre tiltak igjen er reint politisk retta.

Ein person er tilsett i prosjektstilling på Regionalavdelinga frå hausten av, for mellom anna å følgje opp plan og næring sin del av Tenketank framlegga. Noko denne personen må sjå nærare på er korleis vi løyser mellom anna tiltak for å legge til rette for rimelege og attraktive bustader for ungdom og tilflyttarar.

Vi viser elles til rapport med orientering om tiltak og status for Tenketank tiltaka, der er det skissert korleis vi ser føre oss å løyse dei ulike oppgåvene.

8.4 Balansen mellom tilretteleggande tiltak og bedriftsretta satsingar

I samband med disponering av utviklingsmidlane må ein finne ein god balanse mellom den tilretteleggande aktiviteten som fylkeskommunen sjølv tek seg av, og dei bedriftsretta tiltaka gjennom Innovasjon Norge/IN (lån, tilskot og etablerarstøtte).

Etter år med ein uvanleg god vekstperiode, kom endringa hausten 2008. Finanskrisa og svakare internasjonal konjunkturutvikling førte til ei oppbremsing også i den norske økonomien. Mens det har vore høge prisar på eksportvarer peikar no utviklinga i motsett retning. Dette får spesiell innverknad i Sogn og Fjordane av di fylket har stor eksportindustri.

Næringsbarometeret for mai 2009 viser at næringslivet er i full gang med å tilpasse kapasiteten til eit lågare aktivitetsnivå. Store deler av industrien og transportnæringa kuttar i talet på tilsette, og arbeidsløysa er på veg oppover. Det er venta eit kraftig fall i investeringane og lønnsmda er svekt i dei fleste næringane.

Likevel finst det lyspunkt, til dømes brukar over 40% av bedriftene lågkonjunkturen til å auke kompetansen og orientere seg mot nye marknader. Næringslivet i Sogn og Fjordane er meir optimistisk enn i Hordaland når det gjeld utviklinga i sysselsetjinga. Ein fjerdedel av verksemdene vil auke talet på tilsette, mens to av tre bedrifter ventar stabil sysselsetjing. Vi ser og at næringslivet ikkje ser like negativt på utviklinga som dei gjorde då januarutgåva av Næringsbarometeret vart lagt fram.

Arbeidsløysa aukar, men likevel har Sogn og Fjordane nesten lågast arbeidsløysa i landet. Ved utgangen av april 2009 var arbeidsløysa på 2,3% som er ein heile 122% høgare enn på same tid i 2008. Den sterke auken må sjåast på i samanheng med den svært låge arbeidsløysa i 2008. NAV forventar at arbeidsløysa vil stige framover i 2009.

Forbruket til Innovasjon Norge i 2008 var mindre enn i 2007. Det skuldast i hovudsak at det vart løyvd 53 % mindre i lån men meir i tilskot. Etterspurnaden etter IN sine verkemiddel har heller ikkje vore så stor som i 2007. Etterspørselen etter Innovasjon Norge sine verkemiddel svingar naturleg nok som følgje av den generelle økonomiske situasjonen. Sidan føresetnadane har endra seg så raskt og mykje det siste året, må den generelle situasjonen vere meir førande for prioriteringane for 2010 enn forbruket i 2008. Det er framleis usikkert kor alvorleg den økonomiske situasjonen for mange bedrifter vil bli, og balansen mellom den bedriftsretta- og den tilretteleggande satsinga må vurderast fortløpande fram mot fastsetjing av budsjett for 2010.

I 2009 har Innovasjon Norge fått auka løyving frå sentralt hald i samband med finanskrisa og uro i økonomien. Innovasjon Norge sine rammer frå sentralt hald må vi skjele til når løyvinga frå fylkeskommunen til Innovasjon Norge vert fastsett.

Delt eigarskap til Innovasjon Norge er ei nyordning som gir fylkeskommunen nye føresetnader for å tilpasse nasjonal politikk til fylkeskommunal ståstad. Ei sentral utfordring er å få dei nasjonale innovasjons- og entreprenørskapsverkemidla godt tilpassa utviklingsarbeidet i fylket. Fylkeskommunen må ha administrativ kapasitet til å gripe denne moglegheiten.

8.5 Større industrietableringar - armslag for å handle

I tillegg til den langsiktige satsinga bør fylkeskommunen også ha armslag for å handle kjapt når

høvet måtte by seg. Omstillingsarbeidet vil også vere tent med slikt "armslag". I denne samanhengen må vi også nemne tiltakspakken for å påverke Elkem Solar si satsing i Svelgen.

8.6 Omstillingsarbeidet i Sogn og Fjordane

Vågsøy fekk i 2008 omstillingsstatus for 2008 og 2009, og fekk 2,8 mill. kr. til omstillingsarbeid i 2009. Hovudutval for plan og næring gav i februar i år Høyanger omstillingsstatus for 2009, og tildelte 3,2 mill. kr. i omstillingsstøtte. Flora fekk i same sak kr. 500 000 til avslutting av omstillingsarbeidet, og er såleis snart ute av omstillingsporteføljen. Hyllestad og Askvoll har ikkje omstillingsstatus men fekk til saman 1 mill. kr. i omstillingstøtte for 2009. Med ein restsum på 0,5 mill. kr. som ikkje er fordelt endå, vart det samla sett av 8 mill. kr. til omstillingsarbeid i 2009, dette samsvarer med løyvinga over statsbudsjettet. I tillegg har Askvoll fått kr. 80 000 frå midlar disponible for hovudutvalet.

Ved utgangen av 2008 var vår vurdering at dei fleste kommunane har arbeidd godt med omstillingsutfordringane. I Selje har omstillingsarbeidet stogga litt opp i 2008, men dei er no i gang med ny organisering. I 2009 går dei i gang med å utarbeide ein spissa handlingsplan for det næringsretta arbeidet.

Høyanger kan vise til gode resultat i form av nye arbeidsplassar, men problema og påfølgjande konkurs i Fundo Wheels AS har gjeve Høyanger si største omstillingsutfordring nokon sinne. Fylkeskommunen følgjer utviklinga i Høyanger tett. Denne konkursen har også store ringverknader til nabokommunane Balestrand og Gaular. Fylkesrådmannen har vore med desse kommunane på møte med KRD. Situasjonen i desse kommunane vil bli omtalt i brevet fylkeskommunen sender KRD i august, der vi synleggjer dei ekstraordinære omstillingsutfordringane i vårt fylke.

Fylkeskommunen sitt engasjement i 2010 vil verte påverka av løyvinga over statsbudsjettet. Men og av den generelle utviklinga som følgje av den til ei kvar tid gjeldande situasjonen med omsyn til finanskrisa og økonomisk utvikling. Sidan ting endrar seg så kjapt om dagen må vi til liks med midlane til bedriftsretta satsing vurdere løyving til omstillingsarbeid fortløpande gjennom budsjettprosessen.

Hovudutvalet må også vurdere om fylkeskommunen heller skal legge ein del av midlane inn i det vanlege utviklingsarbeidet – som kjem fleire kommunar til gode. Hovudutvalet må seinare ta stilling til om Høyanger og Vågsøy bør få fornya omstillingsstatus, og om andre kommunar kvalifiserar til omstillingsstatus.

8.7 Tilretteleggande tiltak på kommune og regionnivå – nokre utvalde område

Kommunal næringsutvikling – styrking av tiltaksapparatet

Prosjektet "Kommunalt næringsutviklingsarbeid" vart avslutta i 2008. Prosjektet har hatt som mål at kommunane sitt arbeid innan nærings- og samfunnsutvikling vert styrkja. Prosjektet har ført til ein positiv dialog med mange kommunar, og har mellom anna drege i gang att "Tiltaksforum". Arbeidet med styrking av tiltaksapparatet vert ført vidare som ei driftsoppgåve på regionalavdelinga. Det er viktig å sikre nok ressursar til desse oppgåverne, då ein på langt nær er i mål med dette viktige arbeidet.

Regjeringa har lagt vekt på at styrking av det kommunale næringsapparatet er eit viktig satsingsområde, seinast vart dette trekt fram i den nye distrikts- og regionalmeldinga *Lokal Vekstkraft og framtidstru*. Fleire departement har gått saman om eit prosjekt for ei systematisk

utvikling av kommunane sitt arbeid med entreprenørskap og småskala næringsutvikling. For 2009 auka også skjønstilldelinga gjennom statsbudsjettet kap. 551 post 60 til kommunale næringsfond med om lag 45% både på landsbasis og til Sogn og Fjordane. Kommunal- og regionaldepartementet seier i tildelingsbrev til fylkeskommunane at denne auken skal bidra til å utvikle kommunane til å verte betre støttespelarar for entreprenørar og lokalt næringsliv. Departementet seier også at fylkeskommunane har eit stort ansvar og rolle i dette arbeidet.

I mars 2009 gjennomførte fylkeskommunen ei spørjeundersøking om kommunalt næringsutviklingsarbeid, 41 tiltaksarbeidarar i fylket svarte på undersøkinga. Føremålet var å legge til rette for ei god førstelineteneste, mellom anna ved å kartlegge kva arbeidsoppgåver tiltaksarbeidarane i fylket har, og deira kompetansebehov. For å få til gode kurstilbod og nyttig innhald på Tiltaksforum ynskte ein å kartlegge tiltaksarbeidarane sine behov for kompetanseutvikling. Tiltaksarbeidarane såg det generelt som viktig, eller svært viktig med gode kurstilbod innan fleire emne.

Hovudutvalet bør ta stilling kva ressursbruk fylkeskommunen skal legge seg på i styrkinga av tiltaksapparatet framover.

Kommunale næringsfond

Påfylling av kommunale næringsfond ligg på 12,4 mill kr for 2009. Det er forventningar om vidareføring av denne innsatsen, jf. punktet ovanfor. Men den endelege løyvinga vil vere avhengig av summen på skjønnsstilskotet over statsbudsjettet.

Næringshagar

Fylkeskommunen ytte lik støtte til alle dei "gamle" næringshagane i 2008, Næringshagane; Stryn, Sandane, Nordfjordeid, Leikanger og Flora fekk kr. 200 000 kvar frå fylkeskommunen i 2008.

I desember 2008 vedtok hovudutval for plan og næring å gje dei "gamle" næringshagane støtte også i 2009. Hovudutvalet løyvde kr. 100 000 til kvar næringshage.

Aurland Næringshage var ny SIVA næringshage frå 2007. Dei har ein langsiktig avtale med fylkeskommunen, og fekk kr. 500 000 i 2008. Avtalen gjeld også i 2010, med kr. 500 000.

Hovudutvalet må i løpet av 2009 ta stilling til eventuell vidare støtte til dei "gamle" næringshagane.

KIFT - satsing

Innovasjon Norge utførte ei KIFT-analyse etter tinging frå fylkeskommunen, analysen viser at det er sterk stigning i tal bedrifter som driv med kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting (949 personar i 2006 mot 601 i 2000). KIFT vert framleis eit viktig satsingsområde.

Tettstadutvikling

Dette er ei viktig satsing som har løyst ut mange gode tiltak i kommunane. Å gjere lokalsamfunna meir attraktive og trivelege er også eit viktig tiltak i samband med at vi ynskjer at fleire unge skal busette seg i fylket. Tettstadutvikling/tettstadsutforming er også viktig for etablering av tenesteytande næringar, og for reiselivet. Satsing på regionsentra er særleg framheva i fylkesplanen. Det er for 2009 sett av 5,1 mill kr, og vi ser føre oss ei vidareføring av denne innsatsen.

8.8 Legge til rette for ungdom som vil etablere seg i fylket

Fallande folketal og vanskar med å halde på/få tilbake/rekruttere ungdom tilseier at Sogn og Fjordane må nytte vesentleg innsats på å gjere fylket attraktivt nok for ungdom. Frå fleire hald vert det peika på at interessante jobbar trekkjer folk, og arbeidet med å skape kompetansearbeidsplassar og andre gode og interessante jobbar er følgjeleg ein viktig del av dette arbeidet. I denne samanhengen vil vi elles framheve satsinga på entreprenørskap i skulen. Dette er eit langsiktig arbeid som skal motivere fleire til å skape si eiga verksemd.

Det finst allereie ein del interessante jobbar i Sogn og Fjordane, og fylket har mykje spennande å by på. Men det nyskapande og unike med fylket er vi kanskje ikkje flinke nok til å få fram. Enkeltarrangement og bedrifter som t.d. Fjellsportfestivalen, Malakoff Rockfestival og Moods of Norway profilerar fylket på ein flott måte. Men det trengs eit større felles løft for å profilere fylket, og få fram sider ved Sogn og Fjordane som ikkje er så godt kjende i andre deler av landet – eller for innbyggjarane i fylket. Også "Tenketanken" har vore opptatt av dette temaet. Det har til no vore jobba litt med dette temaet, og fylkeskommunen har til dømes gått inn på eigarsida i Framtidsfylket – men det er framleis trong for å løfte arbeidet med rekruttering, profilering og omdøme. Dette må gjerast i tett samarbeid med partnerskapen.

Trainee Sogn og Fjordane har gjort ein god jobb med å trekke yngre godt kvalifiserte menneske til jobbar i fylket. Som ei høgt profilert og fylkesdekkande satsing har programmet også profilert fylket og moglegheitene her godt. I fjor sa hovudutvalet at det er på tide at også fylkeskommunen vert med i traineeordninga, og i august/september startar dei to første traineeane på Regionalavdelinga. Ein bør ta sikte på å tilsette nye traineear hausten 2010, sjølv sagt etter ei evaluering av ordninga.

I 2008 starta fylkeskommunen opp ei prøveordning med næringsfond for ungdom. I sak i april sa hovudutvalet at prøveordninga med næringsfond for ungdom skal evaluerast i samband med budsjettprosessen for 2010. Dette vil vere ei lettare evaluering, og kommunane kan måtte kome til å svare på spørjeskjema, intervju eller liknande. Administrasjonen fekk fullmakt til å utforme form på evalueringa. Vi tek sikte på at evalueringa er klar til prioriteringssaka til hausten.

8.9 Innsatsen innan FoU

Fylkeskommunen har starta på eit arbeid for å bruke forskning og utvikling meir systematisk som del av vårt ansvar som regional utviklingsaktør. Fylkeskommunen har tatt på seg eit omfemnande engasjement innan VRI, og har også bidrege til å få ein eigen forskingsmedarbeidar til fylket. Fylkeskommunen har inngått ein langsiktig samarbeidsavtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning.

"Innovasjonsforum Sogn og Fjordane" skal løfta fram tema næringsretta forskning og utvikling. Gjennom Innovasjonsforum Sogn og Fjordane har Noregs Forskingsråd vorte trekt aktivt med i innovasjonsaktiviteten i fylket. Fylkeskommunen, forskingsrådet og Innovasjon Norge har teke initiativ til at det vert laga ein "regional forskingsagenda" for fylket. Framlegga vil danne grunnlag for ei eiga sak til fylkestinget hausten 2009. Det vil vere viktig å sikre nok ressursar til arbeid innan FoU framover.

FoU arbeidet vi også bli finansiert av nye ordningar som t.d. regionale forskingsfond. Auka administrative kostnader vert omtala som del av forvaltningsreforma. I sak for fylkestinget (sak 58/07) vart det etablert eit nivå på fylkeskommunen sin innsats i høve samarbeid med forskingsmiljøet ved HSF og VF. Innrettinga av desse midlane bør vurderast endra.

8.10 Fornybar energi

Dette er eit viktig arbeidsområde som fylkeskommunen vil ha stort fokus på i framtida.

Fylkesdelplanar innan småkraft og vindkraft

Ved årsskiftet 2007/2008 vart det starta opp arbeid med fylkesdelplan med tema knytt til vasskraftutbygging og fylkesdelplan for vindkraft. Begge planprosessane var opprinneleg tenkt gjennomført over ein toårsperiode med planlagt vedtak i fylkestinget i desember 2009. Mellom anna på grunn av at det er sett i verk arbeid med ein omfattande landskapsanalyse med tanke på vindkraft-problematikk langs kysten av fylket, er tidspunktet for vedtak i fylkestinget utsett til juni 2010 så langt det gjeld vindkraftplanen. Fylkesdelplanen for småkraft vert handsama i Fylkestinget i desember 2009.

Utvikling av næringsmoglegheiter

I næringsssamanheng handlar fornybar energi ikkje berre om CO₂-reduksjon og energiforsyning som infrastruktur. Arbeidsfeltet må også ha fokus på nye marknadsmoglegheiter for forsyningstenester (industri / tenesteyting), nye kunnskapsbaserte arbeidsplassar, negative følgjer for reiselivet (og dei fastbuande) ved utbygging av store kraftliner, motstand mot "monsterliner" som kan brukast positivt til å foredle energi lokalt (akkvisisjon som næringsstrategi).

Fylkesutvalet tilrådde i sak 55/08 at Fylkestinget ber "Innovasjonsforum Sogn og Fjordane" utvikle ei satsing omkring næringsutvikling knytt til ulike former for fornybar energi, strategien skal etter planen vere klar til handsaming i Fylkestinget hausten 2009. Pågåande utviklingsarbeid må inngå i ei slik satsing. Likeeins ulike initiativ innan bioenergi, vindkraft, fjordvarme, solenergi, med meir.

Fylkeskommunen har tilsett ny prosjektmedarbeidar med ansvar for næringsutvikling innan fornybar energi.

Ei satsing på fornybar energi vil krevje meir midlar enn tilført i dag.

8.11 Miljø og klimatiltak

Sogn og Fjordane fylkeskommune har laga ein eigen fylkesdelplan for klima og miljø, for å møte klimaendringar på best mogleg måte. Eit endra klima kan gje skadeverknader i fylket. Eit av måla med fylkesdelplanen er å lage ein politikk og utforme tiltak for å avgrense skadeverknadane. Fylkesdelplanen for klima og miljø vart vedteken av Fylkestinget på tingseta i mars 2009.

Dei budsjettmessige konsekvensane for fylkeskommunen vert lagt fram av rådmannen i samband med prioriteringssakene i september.

8.12 Forvaltningsreforma

Som nemnt tidlegare betyr forvaltningsreforma auka ansvar og mynde innan plan og næring sine områder. Det auka handlingsrommet inneber sjanse til tettare kopling mellom det nye ansvarsområdet og eksisterande ansvar. Dette - saman med nye og tyngre verkemiddel - vil kunne gjere fylkeskommunen til ein sterkare utviklingsaktør. Hovudutvalet må ha fokus på å sikre nok ressursar til å nytte handlingsrommet vi no får på ein best mogleg måte. Vi kjem tilbake meir detaljer til forvaltningsreforma og følgjene av denne i prioriteringssaka

8.13 Reiselivssatsing og ny reiselivsplan

Arbeidet med ny reiselivsplan for Sogn og Fjordane starta opp i 2008, og planen skulle vore klar til høyring i oktober 2008. Som allereie kjent for hovudutvalet er planen av ulike grunnar

forsinka. Ein håpar no å få sendt ut eit nytt planframlegg på høyring i løpet av juni, og ein tek sikte på handsaming i fylkestinget i oktober 2009. Når planen er vedtatt går ein over i ein fase med gjennomføring, drifting og resultatmåling av planen. I planarbeidet vert det jobba med å få på plass ein god modell for organisering og styring av reiselivsarbeidet framover.

Oppfølging av reiselivsplanen vil krevje ressursar, både i form av at medarbeidarar må bruke mykje tid på dette og sannsynlegvis i form av eit økonomisk løft. Dei seinare åra har det regionvise reiselivsarbeidet vore prioritert opp, delvis på kostnad av eit fylkesdekkande reiselivsarbeidet. Aktiviteten til Sogn og Fjordane Reiselivsråd har blitt trappa ned, og aktivitet i reisemålselskapa vart prioritert. Fylkeskommunen må rekne med at det kjem inn framlegg til fylkesdekkande aktivitet i den nye reiselivsplanen, med forventningar om auka innsats frå fylkeskommunen.

Eksisterande satsingar som program for opplevingsnæringar må samkøyrast med den nye reiselivsplanen når den ligg føre.

Dei seinare åra har fylkeskommunen styrkja si satsing på reiseliv, og det vert framleis viktig å ha stort trykk på denne næringa. Satsing på småskala reiseliv vil vere svært sentralt framover. Arbeidet med "bruk og vern" kjem inn under ei slik satsing.

Det vart i 2007 inngått 2-års avtalar (for 2008 og 2009) med destinasjonsselskapa, noko som m.a. skulle sikre ein betre planleggingshorisont. I løpet av 2009 må det arbeidast vidare med satsinga på destinasjonsutvikling, og hovudutvalet må ta stilling til korleis denne satsinga skal utformast – dette på sjølvstøtt sjåast i samanheng med den nye reiselivsplanen.

8.14 Konsentrere innsatsen om større satsingar

Det bør avklarast om fylkeskommunen bør konsentrere innsatsen om større satsingar, m.a. for å sikre kraft bak dei tiltaka som er aller viktigast. Dagens innsats ber preg av at vi vil mykje på litt for mange område, og at fylkeskommunen yter hjelp innan eit breitt spekter av tiltak og prosjekt. Konsekvensen kan i så fall vere at ein må seie nei til å støtte fleire av dei omsøkte tiltaka.

Dette er vurderingar ein må ha med seg inn i arbeidet med ny regional strategi, jf. endringar i plan og bygningslova der omgrepet fylkesplan og fylkesdelplan fell ut.

8.14 Samordning av verkemiddel og verkemiddelaktørar

Vi ser at verkemidla og verkemiddelaktørane innan plan og næring sitt område er mange. Det er mange ulike aktørar innan innovasjon, næringsutvikling og FOU. Vi ser og at det kan vere vanskeleg for brukarane av verkemidla å orientere seg. Fleire nye verkemiddel og ansvar kjem som følge av forvaltningsreforma. Utfordringa framover må vere å prøve å lage eit meir oversiktleg verkemiddelsystem, og kommunisere betre kva verkemiddel som finst – og kven som skal kontaktast ved ulike saker. Dette må sjølvstøtt gjerast i samarbeid med dei ulike aktørane og partnerskapen.

Det må også gjerast ein jobb for i større grad å samkøyre planprosessar og tildelingar frå ulike aktørar og verkemiddel.

8.16 Behov for oppdatering av strategiplanar og større planarbeid

Fylkesplanen sin handlingsdel dekkjer deler av fylkeskommunen sin innsats innan næringsutvikling. Det kunne imidlertid vere trong for ei samla oppdatering av dei viktigaste

strategiane og tiltaka gjennom ein strategiplan for næring. Vi ser likevel at det no ikkje er rette tidspunktet for ein slik omfattande strategiplan. Dette vil krevje personalressursar langt utover det som no er tilgjengeleg. Det er allereie i gang ei rekkje store planarbeid i fylkeskommunen, t.d. reiselivsplan og fylkesdelplanar innan småkraft, og vindkraft. I løpet av 2009 vil det venteleg og bli starta opp fylkesdelplan for villreinrein og vassforvaltning. Og i 2010 vil arbeidet med ny regional planstrategi starte. Då vil eksisterande plan og oppfølging av denne bli vurdert, og ein vil sjå på strategiar framover. Å utarbeide ein strategiplan for næringsutvikling no, vil vere for tett opp i arbeidet med ny regional strategi.

Ny plan og bygningslov vil også krevje rettleiing og kursing overfor kommunane. Ny regionalplanstrategi vil krevje analysearbeid og GIS-analyser.

9. VURDERING AV "STRAMHEITA" I SEKTOREN

Driftsramma frå fylkeskommunen går ned frå 2009 til 2010, og vil også gå ytterlegare ned dei neste åra. Forklaringa ligg hovudsakeleg i at ei rekkje støtteinvesteringar vert avslutta. Dette gjeld m.a. Cruise kai i Skjolden, Djupvasskai i Sløvåg og midlar avsette til Vikafjellsvegen.

Elles ligg det inne bindingar som går ut ved årsskifte til mellom anna skogsbilvegar, Næringsfond for ungdom og satsinga på internasjonalt arbeid. I løpet av budsjettprosessen må hovudutvalet ta stilling til om desse ordningane skal halde fram.

Storleiken på utviklingsmidlane frå KRD har mykje å seie for aktivitetsnivået i 2010, og det er vanskeleg å gjere ei heilskapleg vurdering av korleis sektoren skal tilpasse seg – før framlegget til statsbudsjett ligg føre. Fylkesdirektøren rår derfor til at endeleg prioritering frå hovudutvalet vert gjort når statsbudsjettet ligg føre.

Sjølv om ein del større investeringar dett vekk, er det store forventningar til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Ressursane både med omsyn til økonomiske midlar og personalressursar er knappe slik stoda er no, og nye oppgåver kjem stadig til. Dersom fylkeskommunen framleis skal ta grep om si rolle som drivar i det regionale utviklingsarbeidet bør ramma til sektoren vere på eit nivå som gjer dette mogeleg. Det ligg store utfordringar og moglegheiter i ansvaret forvaltningsreforma gjev fylkeskommunen – det vil vere avgjerande at fylkeskommunen klarar å ta desse utfordringane.

I prioriteringssaka må hovudutvalet ta omsyn til fleire store søknader. Dei søknadane som ligg føre no er mellom anna nytt kaianlegg i Botnastranda i Flora, der Flora kommune har søkt fylkeskommunen om eit tilskot på 55,5 mill. kr. Det ligg også føre søknader til cruise kai i Olden og senter for Geofare i Sogndal.

10. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Hovudutvalet vert gjennom denne saka inviterte til å ta strategidrøftingar, og vi vonar at vi får tilbakemeldingar som vil vere eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.